

## Usikkert kva fartsgrensa er etter opphevinga.

03.10.2019



To skilt syner oppheva fartsgrense i sentrum, på Brekketoppen og på Fitjaflatene. Usikkerheten gjeld kva fartsgrense det er etter opphevinga.

**Uskedalen.no har motteke spørsmål og synspunkt på skiltinga i samband med nye fartsgrenser på Fylkesveg 48 gjennom Uskedalen. Saka gjeld oppheva fartsgrense ved Uskedal bru på Fitjaflatene og nett før Brekketoppen. Fartsgrensa mellom desse skilta er 40 km/t. Mange lurar på kva fartsgrense det er etter opphevinga. Er det 50 km/t eller 80 km/t.**

For å vera på den sikre sida tek Uskedalen.no kontakt med Hogne Gjuvslund, trafikklærer på Husnes Trafikkskule. Han har alt merka seg denne skiltinga og skjønar godt at skiltinga kan føra til usikkerhet hos mange bilførarar. Alt heng saman med definisjonen på kva som er tettbygd strøk eller ikkje. Dersom området er tettbygd strøk, skal farten etter opphevinga vera 50 km/t. Dersom plassen ikkje er tettbygd strøk, er det oppheva til 80 km/t.

Dette vil sei at dersom du køyrer frå Husnes mot Rosendal og med sikkerhet veit at område er tettbygd strøk, ja, så er farten etter opphevinga 50 km/t. Sentrum frå Brekketoppen mot Kleivadalen, med byggefelt og busetnad på begge sider av vegen, må reknast som tettbygd strøk.



Sjølv om du er lokalkjend, kan det vera vanskeleg å vita kva som vert rekna som tettbygd strøk eller ikkje i Uskedalen.

Det kan vera ei vurdering den andre vegen, nemleg om Eik og Steinsletto vert definert som tettbygd strøk. For ein som køyrer frå Rosendal mot Husnes, og som ikkje kjenner den skilta fartsgrensa på vegen mot Steinsletto, kan det vera lett å tenkja at her er farten oppheva til 80 km/t.

Så kjem enno eit moment inn i bilete. Det er vegoppmerkinga med varselliner midt i vegen. Dersom vegen er merka med 3 meter lange liner og 1 meter mellomrom, så er farten 50 km/t eller lågare. Dersom varsellinene er 9 meter lange med 3 meter mellomrom, ja, då er farten 60 km/t eller høgare.

Den generelle fartsgrensa er anten 50 km/t eller 80 km/t. 60 km fartsgrense skal vera skilta særskild med ein fast avstand mellom skilta.

Hogne Gjuvsland avsluttar samtalen med ei oppmoding om å melda seg på oppfriskingskurs i Vegtrafikklova. Det siste tek redaktøren på alvor. Her trengst det kunnskap og vurderingsevne.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal